



KONTROLLUTVALET FOR MASFJORDEN KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møtedato: 16.10.2018
Stad: Møterommet, Masfjorden kommunehus
Kl.: 09.15 – 14.00
Tilstade: Arthur Sjursen (leiar) og Willy Borge (nestleiar) og Rigmor Søvik (medlem)

Innkalla: Rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Ordførar Karstein Totland
Oppvekstleiar Rita Ludvigsen

Revisjon: Forvaltningsrevisor Dag Inge Bøe, Tonje Husum Aarland,
Nordhordland Revisjon IKS

Sekretær: Øivind Olsnes

Forfall:

.....
Kommunestyret gjorde i møte den 18.06.2018 nyval av medlemar til kontrollutvalet.

Medlemar og varamedlemar i kontrollutvalet i Masfjorden er etter dette:

Leiar: Arthur Sjursen, Ap
Nestleiar: Willy Borge, FrP
Medlem: Rigmor Søvik, Sp

Varamedlemar i rekkefølge:

1. Birger Wergeland, Ap, 2. Morten Gullaksen FrP og 3. Sigmunn Rørvik, Sp

.....

15/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent

16/18 Godkjenning av møteutskrift

Saksvedlegg:

Møteutskrift frå møtet 16.04.2018

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Møteutskrift frå møte 16.04.2018 er godkjent

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå møte 16.04.2018 er godkjent

17/18 Skriv og meldingar

Saksvedlegg:

- a. Fylkesmannen i Hordaland, brev dat. 08.06.2018
Masfjorden kommune – Budsjett og økonomiplan

Saksopplysningar:

Behandling i møte:

Orientering om endringar revisjon vart gjeve i møte.

Reidar Bjørsvik har avslutta sitt engasjement som revisjonssjef frå 01.10.2018 hos Nordhordland Revisjon. I påvente av at ny revisjonssjef Janne Eraker startar 01.01.2019, har Nordhordland Revisjon inngått eit samarbeid med Indre Hordaland Revisjonsdistrikt. Fra 01.10.2018 er dagleg leiar Elin Bye konstituert revisjonssjef hos Nordhordland Revisjon.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

18/18 Forvaltningsrevisjon – Kommunen som skuleeigar, Masfjorden kommune 2018 Nordhordland revisjon IKS

Saksvedlegg:

Nordhordland Revisjon IKS, 20.09.2018

Forvaltningsrevisjon – Kommunen som skuleeigar, Masfjorden kommune 2018

Offentleg versjon

Saksopplysningar / vurderingar:

Forvaltningsprosjektet er utført på bakgrunn av kontrollutvalet si bestilling i møte 12.09.2016, sak 19/16, oppdatert bestilling i møte 14.12.2016 sak 35/16 og endring vedteken i møte 17.10.2017, sak 21/17.

Problemstillingar som er undersøkt:

Prosjektet har sett nærare på seks problemstillingar for å belysa ressursbruk, tilpassa opplæring og spesialundervisning ved skulane i Masfjorden.

1. Korleis er Masfjorden kommune sin ressursbruk på skule?
2. I kva grad får elevane ei opplæring som er tilpassa deira evner og føresetnader i samsvar med opplæringslova §1-3?
3. Har kommunen etablert system for å kartleggje, evaluere og følgje opp elevar som ikkje har eller kan få tilfredstillande utbytte av ordinært undervisnings-tilbod og som har rett på spesialundervisning etter opplæringslova §5.1?
4. Er sakshandsaminga i samband med vurdering av behov for spesialundervisning og vedtak om spesialundervisning i samsvar med krav i lov ?
5. Korleis er samarbeidet mellom skule, kommune og PPT organisert?
6. I kva grad bistår PPT skulane med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særskilte behov?

Avgrensingar i prosjektet

Prosjektet er avgrensa til ein gjennomgang av *spesialundervisning* i skulane og kommunen sitt *system* og *rutinar* for å gje slik undervisning. Prosjektet er avgrensa *til og med vedtaksfasen* for vedtak om spesialundervisning. Revisjonen gjeld Masfjorden kommune som *skuleeigar*.

Revisjonskriterie for problemstillingane

Den første problemstillinga er vurdert og beskreve med gjennomgang av statistiske opplysningar. For problemstillingane 2–6 ovanfor har revisjonen utarbeida ulike revisjonskriterie. Revisjonskriteria er beskreve og vurdert i rapporten for kvar av problemstillingane.

Problemstilling 2:

1. *Elevane skal i arbeidet med faga møte realistiske utfordringar og krav dei kan strekkje seg mot og som dei kan meistre på eiga hand eller saman med andre*
2. *Lærarane, skulane og kommunen som skuleiegar må tilpasse- og leggje til rette for tilpassing av undervisninga innanfor rammene av ordinær opplæring*

Problemstilling 3:

1. *Det bør føreliggje eit system for å kartleggje elevane sitt læringsutbytte*
2. *Det bør føreliggje eit system som sikrar at funna i kartlegginga blir evaluert og følgd opp*

Problemstilling 4 - (generelle sakshandsamingskrav):

1. *Elevar og føresette skal varslast før det blir gjort enkeltvedtak om avvik frå det ordinære opplæringstilbodet. Førehandsvarselet skal gjere greie for kva saka gjeld, og gje opplysningar om kva føresegn i lova vedtaket byggjer på, og kva forhold kring eleven sin skulesituasjon som dannar grunnlag for vedtaket*
2. *Vedtaksbrevet skal innehalde informasjon om retten til å sjå dokument i saka*
3. *Vedtaksbrevet skal innehalde informasjon om høve til å klage, klagefrist, klageinstans og framgangsmåte ved klage*

Problemstilling 4 - (særskilte sakshandsamingskrav):

1. *Foreldra skal samtykkje før det blir sett i gang utgreiing av behovet for spesialundervisning*
2. *Foreldra skal ha moglegheit til å uttale seg om innhaldet i ei sakkunnig vurdering for enkeltvedtak vert gjort*
3. *Skulen skal ikkje fatte enkeltvedtak utan ei sakkunnig vurdering, eller ut frå ei mangelfull sakkunnig vurdering*
4. *Sakkunnig vurdering og enkeltvedtak om spesialundervisning skal vere individualiserte*
5. *Dersom enkeltvedtaket innvilgar spesialundervisning skal vedtaket innehalde opplysningar om kva omfang, innhald og organisering spesialundervisninga skal ha, og kompetansekrav for dei som skal gjennomføre opplæringa*
6. *Det skal også fattast enkeltvedtak ved avslag*
7. *Avvik frå sakkunnig vurdering skal grunnjevast i enkeltvedtak*

Problemstilling 5:

1. *Det bør føreliggje rutinar for samarbeid mellom PPT, kommunen og skulane*
2. *PP-tenesta si plikt til å hjelpe skulen med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling tilseier at lærarane må vurdere samarbeidet som ikkje dårleg (Lærarane bør svare skalaverdi 3-5 på ein skala frå 1-5)*

Problemstilling 6:

1. *Kommunen bør ha sikra at det finst planar for korleis PPT skal bistå Masfjorden kommune med kompetanse- og organisasjonsutvikling*
3. *Lærarane bør vurdere PPT sin bistand knytt til kompetanse- og organisasjonsutvikling som ikkje dårleg (Lærarane bør svare skalaverdi 3-5 på ein skala frå 1-5)*

Det vart halde oppstartsmøte med rådmannen den 04.10.2016.

I prosjektet har revisjonen gjennomført dokumentanalyse, intervju og ei avgrensa anonym spørjeundersøking av elevar og lærarar. Rådmannen har i brev datert 12.09.218 gjeve ei tilbakemelding til førebels revisjonsrapport.

Unnatak offentlig etter forvaltningslova § 13.1.1

Kapittel 5 i rapporten omhandler problemstilling 4. Revisjonen har i prosjektet her undersøkt konkrete saker ved kvar skule der ovanfor nemnde kriterie er lagt til grunn.

Grunna små tilhøve er kapittel 5 unnateke off. etter forvaltningslova § 13.1.1.

Revisjonen sine funn vedkomande problemstilling 4 er oppsummert og framgår under kapittel 8 og 9 i rapporten.

Konklusjonar og tilrådingar

Innleiingsvis i rapporten har revisjonen oppsummert sine funn slik:

«Funna i forvaltningsrevisjonen viser at det i svært liten grad føreligg skriftlege rutinar i samband med spesialundervisning. Revisjonen har funne at det heftar manglar ved sakshandsaminga etter både generelle og særskilde sakshandsamingskrav.

Revisjonen har funne ein del avvik og tilfelle der kommunen si sakshandsaming ikkje stettar lovkrav og føringar frå Utdanningsdirektoratet».

Revisjonen sine konklusjonar for dei 6 problemstillingane framgår av kapittel 8.

Revisjonen sine samla tilrådingar til Masfjorden kommune er omtala i kapittel 9.

Behandling i møte:

Unnateke offentlig – lukka del av møte

Grunna små tilhøve har revisjonen i rapporten unnateke off. kapittel 5, forvaltningslova § 13.1.1.

Kontrollutvalet vedtok at møtet vart lukka ved gjennomgang av kapittel 5, § 13 Offl og § 13 Fvl.

Forvaltningsrevisor Dag Inge Bøe deltok i møtet og gav ein presentasjon av projektrapporten og svara på spørsmål frå kontrollutvalet.

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen og rådmann Svein Helge Hofslundsengen deltok i saka.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.

Kontrollutvalet rår til at rådmannen føl opp forvaltningsrapporten ved å føreta ein intern gjennomgang i skulesektoren av tilrådde tiltak og gjennomfører naudsynlege tiltak for å etablere rutinar og system for å lukke avvik som framkjem i rapporten.

Kontrollutvalet rår til at forvaltningsrevisor vert invitert til neste kommunestyremøte for å orientere om rapporten inkludert kapittel 5.

Framlegg til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.

Kommunestyret ber rådmannen følgje opp forvaltningsrapporten ved å føreta ein intern gjennomgang av rapporten og tilrådde tiltak i skulesektoren og gjennomfører naudsynlege tiltak for å etablere rutinar og system for å lukke avvik som framkjem i rapporten.

Innan 1. mars 2019 vert rådmannen beden om å kome med ei tilbakemelding til kommunestyret om korleis tilrådingane i rapporten vert/skal følgjast opp.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.

Kontrollutvalet rår til at rådmannen føl opp forvaltningsrapporten ved å føreta ein intern gjennomgang i skulesektoren av tilrådde tiltak og gjennomfører naudsynlege tiltak for å etablere rutinar og system for å lukke avvik som framkjem i rapporten.

Kontrollutvalet rår til at forvaltningsrevisor vert invitert til neste kommunestyremøte for å orientere om rapporten inkludert kapittel 5.

Framlegg til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.

Kommunestyret ber rådmannen følgje opp forvaltningsrapporten ved å føreta ein intern gjennomgang av rapporten og tilrådde tiltak i skulesektoren og gjennomfører naudsynlege tiltak for å etablere rutinar og system for å lukke avvik som framkjem i rapporten.

Innan 1. mars 2019 vert rådmannen beden om å kome med ei tilbakemelding til kommunestyret om korleis tilrådingane i rapporten vert/skal følgjast opp.

19/18 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet har tilgang til alle møteprotokollar.

<http://innsyn.sing.no/Masfjorden/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

Behandling i møte:

Utvalet fordeler møteprotokollane slik:

Rigmor Søvik – møte i formannskap

Arthur Sjursen – møte i kommunestyre

Willy Borge – andre utvalsmøte

Det vart påpeika at protokollar frå Teknisk utval vert seint lagt ut på heimesida/møteportalen.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval, men vil peika på at protokollar frå Teknisk utval vert lagt seint ut på kommunen si heimeside.

20/18 Eventuelt

Behandling i møte:

Ingen saker vart handsama

Samrøystes vedtak:

Dato for neste møte i kontrollutvalet er: 29. november 2018.

Saker på neste møte er:

- Status rekneskapsrevisjon, orientering frå revisjonen
- Revisor sin uavhengighet
- Plan for selskapskontroll / bestilling / oppfølging – (Einekavane AS)
- Kontrollutvalet sin møteplan for 2019
- Oppfølging av punkt i revisjonsrapport – rekneskap 2017
- Orientering om økonomisk status for kommunen

Masfjorden, 16.10.2018



Rigmor Søvik/medlem



Arthur Sjøransen/leiar



Willy Borge/nestleiar

Øivind Olsnes/sekretær

